



Byggmester Nilsen & Andersen AS  
Sandviksveien 163 A  
5035 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5366 - 14/20277

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

05.09.2014

## Vedtak om krav om uavhengig kontroll - gbnr 196/159 Midtgård

Det vert vist til innsendte søknad om oppføring av einebustad på eigedommen motteke her 17.06.2014.

I søknaden er det lagt ved søknad om ansvarsrett for føretaket Byggefirma Nilsen og Andersen AS for alle ansvarsområde, med unntak av ansvarsrett for uavhengig kontroll for lufttetthet og våtrom. Det vert vist til innsendte gjennomføringsplanen og søknad om ansvarsrett. Dokumenta er lagt ved dette vedtaket.

I samband med tiltak på gbnr 196/161 vart det gjennomført tilsyn med føretaket. Resultat frå tilsynet ligg føre i tilsynsrapport datert 04.07.2014.

I tilsynsrapporten går det fram at tilsynet avdekka fleire vesentlege avvik.

Resultatet i tilsynsrapporten var følgjande.

Reaksjon i nivå 3 for rolla som ansvarleg søkjar(SØK).

Reaksjon i nivå 3 for rolla som ansvarleg prosjekterande (PRO)  
overordna

Reaksjon i nivå 3 for rolla som ansvarleg utførande (UTF) overordna

Reaksjon i nivå 1 for rolla som PRO/UTF tømrararbeid

Reaksjonsnivå 3 inneber at det er registrert vesentlege avvik og at tillita til føretaket er svekka.

Frist for lukking av avvik vart sett til 29.08.2014. Lindås kommune kan ikkje sjå at det er kome inn dokumentasjon frå føretaket som viser at avvika er lukka.

### Vurdering

Det følgjer av byggesakforskrifta (SAK) § 14-3 at «kommunen kan etter en konkret vurdering av tiltaket stille krav om uavhengig kontroll også for forhold som ikke faller inn under § 14-2, når det på grunnlag av planbestemmelser, forhåndskonferanse, søknadsbehandlingen eller ved tilsyn anses

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



å foreligge forhold som gjør det nødvendig med kontroll for å sikre kvalitet i det ferdige byggverket.»

I rettleiaren til SAK § 14-3 går det fram «i en byggesak kan kommunen vurdere om det bør kreves uavhengig kontroll av enkelte oppgaver eller fagområder. Kommunen kan kreve dette for alle fagområder ut fra kjennskap til lokale utfordringer med bygging i enkelte områder eller hvor kommunen ikke har så god erfaring med de foretakene som er involvert i byggesaken. Uavhengig kontroll etter denne bestemmelsen vil komme i tillegg til kontroll på de obligatoriske områdene som er listet opp i § 14-2 og gjennomføres iht §§ 14-6 og 14-7.»

På bakgrunn av ei heilskapleg vurdering, i hovudsak basert på innsendte tilsynsrapport og det forhold at avvika ikkje er lukka, samt dei faktiske forholda som kom fram i sak 14/1530 på gbnr 196/161, meiner administrasjonen at det i denne saka er grunnlag for å krevje uavhengig kontroll for dei ansvarsområda som føretaket Nilsen og Andersen AS har søkt ansvarsrett for. Dette gjeld alle ansvarsområde med unntak av ansvarsrett for prosjektering og utførelse av tømrararbeid.

Det må sendast inn søknad om ansvarsrett for uavhengig kontrollerande føretak, samt oppdatert gjennomføringsplan. Då søknaden er sendt inn som ein søknad i eitt trinn, vert ikkje søknaden handsama før dette er motteke. Dersom søkjar/tiltakshavar ønskjer å gjer om søknaden til rammesøknad, ber vi om skriftleg tilbakemelding på det.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i byggesakforskrifta § 14-3 vert det stilt krav om uavhengig kontroll for føretaket Byggefirma Nilsen og Andersen AS på alle ansvarsområde som det er søkt ansvarsrett for i samband med innsendte søknad om tiltak.**

**Før søknaden kan handsamast må det sendast inn søknad om ansvarsrett for føretak som skal vere uavhengig kontrollerande, samt at det må liggja føre oppdatert gjennomføringsplan.**

**Kravet omk uavhengig kontroll gjeld ikkje for ansvarsområde PRO og UTF for tømrararbeid.**

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Byggmester Nilsen & Andersen AS    Sandviksveien 163    5035  
A

BERGEN